



Arkivnr: 2014/11976-34
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		11.11.2015
Fylkesutvalet		18.11.2015

Uttale om omklassifisering/statusendring på Rv. 13 - Bu i Ullensvang herad

Samandrag

Etter veglova § 7 første ledd, er det departementet som fattar endeleg vedtak om omklassifisering eller nedlegging av riksveg. Fylkeskommunen der vegen ligg, skal gje uttale før endeleg vedtak vert gjort.

Frå krysset ved Bu museum og ned til Hardangerbrua vart det i samband med utbygginga, tilrettelagt for ny gang- og sykkelveg i retning Eidfjord. Det er gjennomført ei ROS-analyse der det kjem fram at gamlevegen på utsida av Butunnelen kan nyttast som gang- og sykkelveg, og vil kunna tena som omkøyringsveg ved hendingar i tunnelane og som innsatsveg for utrykningkøyretøy. Det er difor naturleg at gamlevegen vert oppretthaldt som riksveg.

Statens vegvesen føreslår at gamlevegen på utsida av Butunnelen på Rv.13 vert oppretthalde som riksveg men får statusendring til gang- og sykkelveg. Fylkesrådmannen har ikkje merknad til dette, og er samd i tilrådinga frå Statens vegvesen.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet har ikkje merknader til at gamle vegen på utsida av Butunnelen på Rv. 13 vert oppretthalden som riksveg, med statusendring til gang- og sykkelveg.


Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 15.10.2015

Saka gjeld statusending/omklassifisering av riksveg. I brev av 31. august 2015 ber Statens vegvesen om ei uttale frå Hordaland fylkeskommune, før Samferdselsdepartementet tek endeleg avgjerd om statusending/omklassifisering.



Etter at Hardangerbrua opna i 2013, har eksisterande Rv.13 hatt mellombels status. Det er spørsmål om kva status denne vegen skal ha i framtida.

Frå krysset ved Bu museum og ned til Hardangerbrua vart det i samband med utbygginga, tilrettelagt for ny gang- og sykkelveg i retning Eidfjord. Det er gjennomført ei ROS-analyse der det kjem fram at gamlevegen på utsida av Butunnelen kan nyttast som gang- og sykkelveg og vil kunna tena som omkøyringsveg ved hendingar i tunnelane og som innsatsveg for utrykningskøyretøy. Det er difor naturleg at gamlevegen vert oppretthaldt som riksveg.

Statens vegvesen føreslår difor at gamlevegen på Rv. 13 som er på utsida av Butunnelen vert ei forlenging av gang- og sykkelvegen ned til Hardangerbrua og at denne blir oppretthaldt som riksveg. Men vegen vil da endre status frå bilveg til gang- og sykkelveg.

Etter veglova § 7 første ledd, er det departementet som fattar endeleg vedtak om omklassifisering eller nedlegging av riksveg, fylkeskommunen skal gje uttale, før endeleg vedtak vert gjort.

Uttalefristen var den 5. oktober. Hordaland fylkeskommune har fått utsett fristen til saka er ferdig handsama politisk.

Fylkesrådmannen har ikkje merknad til dette, og er samd i tilrådinga frå Statens vegvesen.